



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: F134

Sak nr 9/2015

Møtedato: 18.3.15

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

F134, Flyin – søknad om inngjerding

Frå Statskog har fjellstyret fått oversendt søknad om inngjerding av feste 134 på Flyin. Festet ligg inne på stølsutmåling S761. Søkjaren opplyser at det er behov for inngjerding pga det er beitedyr på stølsvollen til S 761. I følgje tomtefestelova disponerer festaren eit areal 1 daa, men det inneber ikkje at festaren har rett til å gjerde inn arealet. Løyve til inngjerding blir gjeve av Statskog.

I sak 53/2000 behandla fjellstyret generelle retningslinjer for inngjerding og tilrådde følgjande retningslinjer:

1. Hytter skal i utgangspunktet ikkje føre opp gjerde.
2. Etter skriftleg søknad kan det gjevast dispensasjon til inngjerding når det ligg føre særleg behov, t.d. mykje beitedyr.
3. Gjerde skal førast opp av trematerialar. Portalar e.l. er ein del av gjerde og skal ikkje tillatast.
4. Løyver for inngjerding skal kunne seiast opp med 6 månaders varsel.
5. Ved hytter på stølsjorder skal ein normalt kunne gjerde inn hyttetunet. Hyttfestaren skal også føre opp gjerde dersom stølsbrukaren krev det.
6. For hytter i hyttfelt skal det berre gjevast dispensasjon for mindre inngjerdingar t.d. uteplass/inngangsparti.
7. For hytter utanom stølsjorder og hyttfelt kan det gjevast dispensasjon for inngjerding av inntil 500 m², men det kan i særlege tilfelle gjevast løyve for større areal.
8. Ved festeoverføringar og søknad om byggeløyve skal ein prøve å få eldre inngjerdingar i samsvar med overståande.

Slik denne tomta ligg til er det vanskeleg å avgrense inngjerdinga til 500 m². For å få med heile tunet blir arealet ca 800 m², jf. skisse under. Alternativt kan tomta avkortast i hjørnet mot sør for å få til eit mindre areal. Ved å ev. redusera inngjerda mot nordaust blir det ei unaturleg inngjerding ut frå eksisterande inngjerding og dette er derfor ikkje så aktuell løysing.



Framlegg til vedtak:

Fjellstyret tilrår at festaren får gjerda inn ca 800 m² som vist på skisse.

Vedtak:

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vestre Slidre fjellstyre den 19.3.15

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog